



Det 50 år gamle kulturminnet er framleis synleg i landskapet.

Kulturminne er spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet, bygningar og hendingar det knyter seg tru og tradisjon til.

Kulturminne er med andre ord alt som fortel oss noko om menneske som har levd før oss

På stien framom Kjeldhauggarden før toppen på Kjeldhaug går du framom eit lite og anonymt kulturminne. Det er skistativet til Gjert Myklebust der ha la skia sine på veg heim frå fjellet. Det er laga av ei bylgeblekkplate og bøygd til slik at det er eit vern for skia.

Skistativet er montert på brakastaur.

Broren Birger Myklebust fortel at Gjert laga skistativet ein gong tidleg på 1960-talet. Elles var det vanleg å finna ein høveleg stor stein der skia kunne liggja turt frå helg til helg.

Just heimom Jommadalen var ein god plass for lagring av ski. På sjølve Kjeldhaug i ei lita fjellskor var ein annan mykje brukt plass.

Frå større utfartsplassar i fjellet har vi høyrte om skistallar.

Gjert hadde sin eigen skistall.

Kulturminne til Gjert treng litt støtte, men er enno godt synleg på fjellvegen til Storhaug og Mannsvatn.

Av Kristian Olav Bringedal